

Vårtur på markavegen

Våren!

**Eg kan kjenna livet vaknar.
Og nå losnar det og raknar
alt som var frose fast.**

Solå!

**Eg kan sjå kols ljuset strøyme
inn i mørke, stengde gøyne
med kvikke, kåte kast.**

**Eg veit at vinteren har tapt
for vårsolå si makt
og kjenne pulsen slå i raske takt.**

Nå kjeme våren!

**Heim til Jæren er han boren
på ljosalv-himmelflukt frå sydens land.**

Nå vaknar livet!

**På kvart kimblad står det skrive:
Når våren kjeme løysna adle band.**

Livet!

**Det vidunderliga livet!
Bara flyte med og drive
i solklar sevjevin.**

Drive

**fram på lette, varme vindar
over res og nakne rindar
i markarusen fin.**

**En sup av nybrygt markamjød
med lukt som nybakt brød
kan lyfta livet opp i himmelsk glød.**

Nå kjeme våren!

**Heim til Jæren er han boren
på ljosalv-himmelflukt frå sydens land.**

Nå vaknar livet!

**På kvart kimblad står det skrive:
Når våren kjeme løysna adle band.**

Livet!

**Det vidunderliga livet!
Bara flyte med og drive
i solklar sevjevin.**

*Tekst: Tobias Skretting 26.2.2005
Melodi: Mikis Teodorakis*